

Ei sommarveke med klatring i Ulvanåso.

22.03.2009

Ulvanåso er velkjend og svært populær i ulike fjellklatremiljø. Om somrane kjem det klatrarar frå eit vidt område for å prøva dei klatrerutene i denne utfordrande fjellsida. Aktiviteten dei siste åra har vore aukande, og det er grunn til å tru at dette skal halda fram også komande sommar. Bergen Turlag, saman med DNT Fjellsport, har mellom anna planlagt ei vekes kurs i dette klatreeldoradoet i månadsskiftet juni/juli.

Kurset er tidfesta til veka frå 29.juni til 5.juli, og på Bergen Turlag sine nettesider vert dette området nok ein gang omtala som eit eldorado for klatrarar. Kurset passar både for nybyrjarar og for dei som har ein del erfaring, og ein av dagane planlegg dei å klatra ruta heilt til topps. Men dersom ein skulle ønskje å vera med, må ei vera rask med påmelding. Desse kursa er svært populære, og etter det vi kjenner til, er det berre ein ledig plass på kurset denne sommaren.

Du kan finna informasjon om kurset på: http://www.dntfjellsport.no/bergen/activity.php?ac_id=21966&activity_advanced_search=1 og på Bergen Turlag si nettside.